



Land og bruk

Nummer 3 - 2014

Oktober 2014

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen, telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.endresen@fylkesmannen.no

Nyttig informasjon

Landbrukskonferansen 2015

Neste år blir konferansen arrangert 2. mars.

Sett av dagen allereie no og informer politikarane i kommunen om denne dagen. I 2015 blir dette ein dagskonferanse.

Vi kjem til å arrangere ei to-dagars samling for landbruksforvaltninga i løpet av året. Tidspunkt er enno ikkje bestemt, men det blir truleg lagt til eit av dialogmøta (mai eller oktober).

Personalendringar

Tilbake frå permisjon

Anfinn Rosnes kjem er tilbake frå permisjon 1. november. Han kjem tilbake til stilling som ass. landbruksdirektør, men skal ein periode også arbeide med kommunereforma.

I permisjon

Geir Helge Rygg skal ha permisjon frå 17. november. Han er tilsett som vikar for Irene Holta Tjøstheim i Rennesøy kommune.



«Ingen kan gå tilbake og lage en ny begynnelse, men alle kan begynne i dag og lage en ny slutt.»

Maria Robinson

Arrangementskalender

2014

22. oktober

Dialogmøte

Stad: Hotel Park Inn, Lagårdsvn. 61, Stavanger
Kontaktperson: Bente E. Halvorsen

12. november

Skogfagleg samling/kurs

Kontaktperson: Lars Slåttå

18. november

Kl. 09.30-12.30

Landbruksstatistikk – korleis finn ein tala

Stad: Statens hus, Stavanger
Kontaktperson: Aart Magnussen

18. november

Kl. 12.30-15.00

Fagsystema – arbeidsmøte

Stad: Statens hus, Stavanger
Kontaktperson: Morten Svanes

2015

Januar

Tilskotssamling

Stad: Statens hus, Stavanger
Kontaktperson:

2. mars

Landbrukskonferansen 2015

Stad: Quality Hotel Residence, Sandnes
Kontaktperson: Bente E. Halvorsen

Landbruksdirektørens hjørne



Arbeid med sikte på omfattande endringar i landbrukspolitikken

v/Hadle Nevøy

Regjeringa Solberg har nyleg feira eittårsdagen for tida deira i regjeringskontora. Folk flest har kanskje ikkje merka dei stor endringane etter at noverande regjering avløyste åtte år med Stoltenbergregjeringa, men det kan ikkje vere tvil om at det blir arbeidd aktivt i regjeringskontora for å realisere endringar i tråd med lovnadane frå dei to regjeringspartia før valet i fjar.

Dette gjeld ikkje minst på landbruks- og matområdet. Statsråd Sylvi Listhaug har vore ein av dei mest omtalte statsrådane dette første regjeringsåret, rett nok dels på grunn av tilsettingstilhøve og arbeidsoppgåver ho hadde hatt før utnemninga. Året sett under eitt, har ho likevel oppnådd størst merksemrd for si friske og uredde framføring av behov for omfattande reformer i landbruks- og matpolitikken.

Reformarbeid er i dei fleste tilfella arbeidskrevjande, og det merkast godt at det blir arbeidd på høggir både i departementet og i landbruksdirektoratet med å få fram grunnlagsmateriale for både store og mindre omfattande endringar.

Vi har sjølv sagt ikkje innsyn i alt arbeid som er på gang, men ut frå det som vi alle har tilgang til, ser vi at det vil kome forslag til omfattande endringar i både økonomiske og juridiske verkemiddel.

Forslag om oppheving av priskontrollen i konsesjonslova ligg alt klar for behandling i Stortinget. Før dette endringsforslaget er tatt opp til endeleg behandling, kjem departementet like godt med forslag om oppheving av heile konsesjonslova og om oppheving av buplikta. Samstundes veit vi at landbruksdirektoratet har fått i oppdrag å setje saman og leie ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå leigejordproblematikken og driveplikta.

Dobling av grensa for kyllingproduksjon i husdyrkonsesjonslova og endringar kvoteregelverket for mjølk gir tydelege føringar om at det skal vere rom for å utvikle større driftseiningar innanfor desse produksjonane. Samtidig veit vi at det fram til jordbruksoppgjaret 2015 skal arbeidast med å greie ut konsekvensane av å gjøre produksjonsregionane i kvoteordninga for mjølk større. Dersom regionane blir større blir det større tilgang til kvotekjøp for dei som vil utvide eigen mjølkeproduksjon t.d. i fylket vårt. Konsekvensen kan bli større sentralisering av produksjonen til område der viljen til å satse er størst.

Forenklingar i jordbruksavtalen er eit av dei viktige prosjekta for statsråden. Fylkesmann Lars Sponheim skal leie ei brei samansett gruppe som skal gjennomgå jordbruksavtalen sine verkemiddel og føresla forenklingar som gir eit enklare og meir oversiktleg verkemiddelsystem. I tillegg til gjennomførte endringar i året jordbruksoppgjær, seier statsråden at det fortsatt er behov for å gjøre landbrukspolitikken enklare, og å redusere byråkratiet. Gruppa skal arbeide ut 2015, men skal gi ein delrapport til jordbruksoppgjaret alt til våren.

Som om ikkje alt dette er nok, blei det i årets jordbruksoppgjær bestemt å gjennomføre fleire utgreingar fram til våren 2015. Av desse er det verd å merke seg ei heilskapleg utgreining av miljøverkemidlal under miljøprogramma under jordbruksavtalen. Ei partsamansett gruppe er i gang med dette omfattande arbeidet for betre målretting, forenkling og reduksjon av talet på ordningar.

I tillegg til det som her er vist til, pågår det ei heil rekke oppgåver som er meinte å gjøre kvar dagen enklare både for bonde og oss i offentleg landbruksforvalting.

Ingen har grunn til å vere overraska over at regjeringa vil vise vilje til avregulering og forenkling i rammevilkåra for landbruket. Så får det vere opp til kvar ein av oss å meine og tru det vi vil om endringane vil føre til styrking eller svekking av måloppfyllinga i landbrukspolitikken. Resultata vil først bli synlege i gong fram i tida.

Ha ein fin og spanande haust.



Fagsamling skogbruk 12. november

Tradisjonen tru blir det også i år ei haustsamling med skog som tema. Programmet er ikkje heilt i boks, men det er naturleg at skogsvegbygging blir eit tema denne dagen – både fordi det er ein av få postar innan landbruket med auka løyvingar for 2015 og fordi ny landbruksvegforskrift straks er klar.

Program for samlinga blir sendt ut i løpet av veke 42.

Temamøte - Landbruksstatistikk

Tysdag 18. november inviterer Fylkesmannen til temamøte om bruk av landbruksstatistikk.

Målgruppa er kommunal landbruksforvaltning og andre som kan dra nytte av å bruke statistikk i sitt daglege arbeid. Vi skal gi ei innføring i korleis ein kan få tak i statistiske tal og korleis ein kan bruke det.

Samlinga skal fokusere på praktisk bruk av tal og vi legger opp til ei uformell og interaktiv økt sammen. Staden er Statens hus og møtet varer frå kl. 09.00 til kl. 12.00. Møtet blir avslutta med lunsj kl. 12.00.

Deltaking er gratis men på grunn av lunsjservering ønskjer vi påmelding innan 14. november.

Kontaktperson: Aart Magnussen

Arbeidsmøte om fagsystema til landbruksforvaltninga

Tysdag 18. november inviterer Fylkesmannen til arbeidsmøte om dei fagsystema som landbruksforvaltinga bruker.

Målgruppa er tilsette i kommunal landbruksforvaltning som ønskjer å lære meir om fagsystema. Det blir mellom anna gjennomgang av Landbruksregisteret. Det blir også ein open post der det er høve til å stille spørsmål om alle fagsystema som blir brukt.

De kan melde spørsmål inn på førehand, men det er også rom for å stille spørsmål under arbeidsmøtet.

Arbeidsmøtet blir arrangert i Statens hus og møtet varer frå kl. 12.00 til kl. 15.00. Vi starter med lunsj kl. 12.00. Sjølv om møtet starter kl. 12.30.

Deltaking er gratis men på grunn av lunsjservering ønskjer vi påmelding innan 14. november.

Kontaktperson: Morten Svanes



Foto: Arne J. Lyshol

Innspurt på skogkultur og vegbygging

Det er tid for skogforvaltninga i kommunen å ta ein runde for å få oversikt over utførte investeringar i skogkultur og vegbygging dette året.

Sjølv om det enno er mogleg å utføra ungskogpleie, og vegbygging kan gå føre seg året rundt, er det likevel lurt å kontakta alle aktuelle skogeigarar i god tid før fristen for søknad om tilskot til skogkultur og innsending av rekneskap for vegbygging går ut.

Det er mange bønder som treng ei påminning for å bli ferdig innan fristane seinhaustes. Kanskje treng også Vestskog SA og andre som tek på seg skogkulturoppdrag ei slik påminning. Hugs å få underskrifter på alle søknader og rekneskapssamandrag – og dessutan nødvendige vedlegg til rekneskapane.

Skogbehandling før stormen kjem

Forsikringsselskapet Skogbrand har saman med Skog og landskap laga ein fin brosjyre om tiltak for å hindra stormskadar. Både i eige land og i Europa har vi siste åra hatt store øydeleggingar etter storm.

Brosjyren «Skogbehandling før stormen kommer» peikar på at større risiko for stormskade både heng saman med uheldige trendar i skogbehandlinga siste åra, meir gammal skog og endringar i klimaet.

Brosjyren gjer eit godt forsøk på å komma med gode råd for skogskjøtsel i stormutsett skog. Ein del av råda i brosjyren er gode råd over alt – også i Rogaland. Men sidan enkelte av dei gode råda mot stormskadar kan medføra redusert kvalitet og produksjon, er det svært viktig å vurdera tiltaka nøyne i kvart enkelt tilfelle. Noreg er mangfaldig, slik også med terrenget og skogen. Dessutan har vi sett at stormane på Vestlandet gjerne blir så kraftige at skogen ryk same kva føre-var-tiltak som er sett i verk.

Det er også viktig å understreka at råda i brosjyren ikkje er retta mot all skog, men mot det som er kalla stormutsett skog. Det er ei rett og viktig avgrensing. Og det betyr av vi må bli flinkare til i større grad å vurdera kva areal og skog som er stormutsett. Vi må med andre ord bli flinkare til å variera skjøtsel og pleie av skogen alt etter kor utsett den er for storm. All den tid det meste av det produktive skogarealet på Vestlandet er lauvskog, blir det også viktigare enn før å vurdera på kva areal det er mest fornuftig å satsa på kvalitetsskog av gran og sitkagran.

- Last ned brosjyren [«Skogbehandling før stormen kommer»](#) (PDF-fil 7,34 MB)



Foto: Robijne Verstegen

Konsekvensar for kommunane av manglende ajourføring av AR5

Geovekstforum har bestemt endringar i kostnadsdelingsnormen på møte i september. Dette inneber mellom anna at kommunar som ikkje leverer ajourført AR5 vil få mindre betalt over FDV-avtalen.

AR5 står for arealressurskart i målestokk 1:5000. AR5 er eit detaljert, nasjonalt heildekande datasett og den beste kjelda til informasjon om arealressursar i landet. Datasettet delar landarealet inn etter arealtype, skogbonitet, treslag og grunnforhold.

Det er viktig at kommunane driv løpende oppdatering av AR5, som dei er forplikta til i FDV-avtalen (avtale om vedlikehald av arealressurskart kartforvaltning i Norge digitalt). Det er viktig med oppdaterte arealkart for m.a. utbetaling av arealtilskot, RMP, lovsaker og som grunnlag for areal-statistikk.

Kontaktperson: Tonje F. Aase



Foto: Robijne Verstegen

Gjennomgang av jordleige og driveplikt

Landbruks- og matdepartementet har bedt Landbruksdirektoratet om å setje ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på problemstillingar knytt til leigejord og driveplikt.

Arbeidsgruppa sitt mandat er mellom anna å vurdere effekten av bruk av leigejord og utgreie praktiseringa og effekten av driveplikta. I tillegg skal gruppa vurdere den effekten leigejord og driveplikt har for jordvernet og om det bør innførast ein eigen verneheimel.

Meir [informasjon om dette arbeidet](#) finn de på nettsidene til Landbruks- og matdepartementet.

Ventar du på ROG-SKOG?

Ved nyttårstider 2013 blei årgang 23 av ROG-SKOG utsendt til ca. 2500 skogeigarar, skogforvaltning mv. Som vi skreiv i bladet i fjar, rekna vi med at det kunne bli siste nummer av ROG-SKOG.

Det er no endeleg bestemt at bladet ikkje kjem ut i 2014. Årsaka er sterkt reduserte løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet til kurs og andre informasjonstiltak innan skogbruket. Dei årlege løyvingane som skogforvaltninga langs kysten har hatt til korte kurs, skogdagar mv. heilt sidan først på 1970-talet, blei strokne av den nye regjeringa for budsjettåret 2014. Løyvingane har vore sett på som kompensasjon for manglende rentemidlar frå skogfondet i skogreisingsstrok.

Det blir arbeidd med å laga ei digital light-utgåve av ROG-SKOG, som kan sendast interesserte på e-post. Førebelts har vi for få e-postadresser, men viss alle interesserte gjer ein liten innsats for å skaffa redaksjonen e-postadresser til potensielt interesserte personar, får vi kanskje dette til. Send e-postadresser til [Stein Bomo](#).



Skogfrøverket treng ny frøavlplantasje

Det norske skogfrøverket er på leit etter høveleg areal for ein ny frøavlplantasje for Vestlandet. Behovet er 30 - 150 dekar lettdrive areal med relativt tørt og varmt (lunt) klima.

Sjølv om arealet kan vera litt oppdelt, må det vera råd å driva det maskinelt. Det må vera veg fram til arealet, og det må ikkje vera gran i nærleiken som kan føra til framandstøving av frøavlplantasjen.

Skogfrøverket er interessert i både kjøp og langsiktig leigeavtale (minst 50 år). Jordbruksareal som er gått ut av drift kan vera aktuelt.

Kanskje du kjenner til eit slikt areal? Ta kontakt med [Lars Slåttå](#) hos Fylkesmannen eller direkte med ansvarleg for frøavlplantasjane i Skogfrøverket, [Marthe Friberg Myre](#).

Høyring – forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta

Landbruks- og matdepartementet har sendt forslaget ut på høyring med høyringsfrist 15. januar 2015.

Meir [informasjon og høyringsdokumenta](#) finn de på nettsidene til Landbruks- og matdepartementet.



Foto: Nono Dimby

Søknad om planting av utanlandske treslag

For å ha avklara løyve til planting av utanlandske treslag våren 2015 bør søknad om dette sendast Fylkesmannen i god tid før jul.

Som kjent må alle som vil planta utanlandske treslag til skogbruksformål ha løyve frå Fylkesmannen sin miljøvernavdeling før planting kan skje. Sidan vi i det siste har sett at ein del søknader blir påklaga, bør søknad sendast i god tid før våren. Elles kan ein risikera at heile vekstsesongen går tapt.

Formelt sett har kommunane ikkje noko med sjølve søknaden om planteløyve. Men sidan all annan skogforvaltning er lagt til kommunen som førstelinje, er det naturleg at bøndene tek kontakt med kommunen også om dette tiltaket. Og sidan kommunen jo har forvaltningsansvaret for dei aktuelle areala etter eit eventuelt planteløyve er gitt, er det naturleg at kommunen kan fungera som ein slags rådgivar også ved søknad om planteløyve.

Både søknadsskjema og rettleiar er omfangsrike dokument som i tillegg er tungt tilgjengelege. Difor treng nok dei fleste bønder hjelp med søknaden. Kommunen kan om ønskeleg visa potensielle søkerar til Skogselskapet i Rogaland v/Erik Faye-Schjøll, mob. 916 26 900. Erik har for ein periode tatt på seg ei rettleiarrolle i samband med søkerar om planteløyve.

Rullering av Melding om kystskogbruket

Gjeldande Melding om kystskogbruket er frå 2008. Fylkespolitikarane har bestemt at meldinga skal reviderast, eller rullerast som dei har valt å kalla dette arbeidet. Målet er å ha ny melding klar våren 2015.

Det er ein omfattande prosess å få innspel frå alle fylke, og dessutan både frå skognæringa, fylkeskommunane og fylkesmennene. Hovudsekretariatet er lagt til Nord-Trøndelag fylkeskommune, og dette har saman med dei ti involverte fylkeskommunane arrangert både oppstartsseminar og tre prosessmøte langs kysten.

Det er framleis ikkje for seint å komma med forslag til endringar, nye tema osb. til den nye meldinga. [Lars Slåttå](#) tek gjerne imot innspel, og jo raskare jo større sjanse for å dei med i meldinga.

Den gamle meldinga finn du [her](#).

Ut av Statens hus

I følgje statsråd Sanner i Kommunal- og moderniseringssdepartementet må sambuarane hos landbruksavdelinga ut av Statens hus innan 2016. Dette blir grunngitt med tryggleiksutfordringar og likebehandling.

4H Rogaland, Skogselskapet, Landbrukselskapet og Hageselskapet har alle, med nokre unntak, hatt kontorplass hos fylkesmennene sin landbruksavdeling rundt om i landet. Dette er ei eldgammal ordning, heilt frå den tida Skogselskapet og Landbrukselskapet hadde dei statlege oppgåvene som landbruksavdelinga i dag har. Og 4H-agronomen var offentleg lønna på same måte som andre fylkesagronomar. Det har alltid vore eit tett og godt samarbeid mellom forvaltninga og desse organisasjonane.

Kontorfellesskapet har gitt synergieffektar og landbruksforvaltninga har kunna støtta seg på det arbeidet desse organisasjonane har drive. Når dei fire organisasjonane no må avslutta arbeidsfellesskapet med landbruksavdelinga, blir det på mange måtar å starta på nytt. Det er for tidleg å seia korleis arbeidet kan drivast vidare, men det er vanskeleg å komma utanom ei nedskalering og spissing av arbeidet. Dette vil også i stor grad vera avhengig av dei økonomiske premissane for frivillige organisasjonar i åra framover.



Foto: Robijne Verstegen

Kommunevis fordeling av saksbehandling for produksjonstilskot og tilskot til avløysing ved ferie og fritid

Vi har no endra litt på fordelinga av kommunar mellom saksbehandlarane. Frå d.d. er fordelinga slik som tabellen viser.

	Telefon	Kommunar
Linn	51 56 89 24	Time, Hjelmeland
Else *	51 56 89 77	Sola, Karmøy, Utsira, Randaberg
Birger	51 56 89 87	Klepp, Tysvær, Bokn, Haugesund, Bjerkreim
Ragnhild	51 56 89 81	Eigersund, Sokndal, Lund, Hå, Forsand, Strand, Suldal, Sauda, Vindafjord, Stavanger, Sandnes, Kvitsøy, Gjesdal, Finnøy, Rennesøy

*Else er tilgjengeleg måndag, onsdag og fredag

Dersom den saksbehandlaren som har "din" kommune ikkje er til stades, kan de ta kontakt med ein av dei andre.

E-postar skal **ikkje** sendast til den einskilde saksbehandlar, men til felles e-postadresse for direkte tilskot. Då er det lett for andre å svare på spørsmål m.m. dersom nokon ikkje er til stades.

Bruk denne e-postadressa:

- fmro_direktetilskot@fylkesmannen.no

Kontaktperson: Linn Borsheim